

*UWC Røde Kors Nordisk er ein internatskule for 200 elevar i alderen 16-19 år, frå meir enn 80 ulike land. Elevane gjennomfører eit to-årig studieprogram - International Baccalaureate (IB) Diploma. Skulen starta opp i 1995, er mellom anna finansiert av offentlege midlar frå dei nordiske landa og ligg idyllisk plassert ved Flekkefjorden i Fjaler kommune på Vestlandet. Skulen har om lag 65 tilsette og har to datterselskap, UWC Connect AS og Verdsgrenda Eigedom AS. UWC Connect har ansvar for andre aktivitetar som mellom anna leirskule, sommarleirar og som vertskap for ulike grupper som kjem for å oppleve det unike miljøet på skulen. Verdsgrenda Eigedom AS eig og forvaltar bygg på eigedomen.*

## **SOMMARJOBB - VEDLIKEHALDSAVDELINGA**

**Vi har ledig ei stilling som sommarvikar ved avdelinga for vedlikehald.**

Stillinga passar for deg som er 16 år eller eldre, som er fleksibel og som likar å jobbe både åleine, men òg i lag med andre.

**Arbeidsperioden er frå 23. juni til 1. august** (veke 26-31), men her kan det vere rom for litt justeringar.

Arbeidsoppgåvene er typiske innan vedlikehald, både innan- og utandørs, og gjeld m.a. plenklipping og målararbeid.

### **Kvalifikasjonar:**

- Du må kunne arbeide sjølvstendig og ha gode samarbeidsevner
- Du må kunne kommunisere munnleg på norsk og engelsk, men dagleg arbeidsspråk er norsk.

Dersom dette er arbeidsoppgåver som kan passe for deg, ber vi om at du sender ein enkel søknad og CV til [appointments@uwcrn.no](mailto:appointments@uwcrn.no).

Dersom du har spørsmål til stillinga kan du kontakte Operational Service Manager **Ainor Naustdal** på tlf.: **917 09 715** eller på e-post: [ainor.naustdal@uwcrn.no](mailto:ainor.naustdal@uwcrn.no).

**Søknadsfrist er 11.05.2025.**